



Hammar-Kameratane AS  
Hella 60  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/959 - 16/8894

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
04.04.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 239/124 Eknes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.03.2016.

Søknaden gjelder oppføring av bustad på ubebygd tomt.

Søknaden er krysset av for 3 vekers sak. Då søknad om tilkopling til kommunalt vann- og avløpsanlegg er sendt inn samtidig med byggesaka, er dette ein søknad som har ein sakshandsamingstid på 12 veker.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Overvannsledning og spillvannsledning er kommunal. Det er søkt om påkopling til kommunalt vann- og avløpsanlegg gjennom rørleggjarmelding motteken den 11.03.16. Søknaden om VA viser at Gbnr 239/124 skal koplast på kommunal vannledning via privat vannledning. Det må foreleggje ein erklæring frå eigar av privat vannledning om at eigedomen kan kople seg på den private vannledninga. Erklæringa bør vere tinglyst, men dette er ikkje eit krav.
2. Åtkomst til eigedomen er via privat veg og ikkje kommunal veg slik det er krysset av i søknaden. Det må foreleggje avtale om vegrett frå eigar av vegen til eigedomen. Avtalen bør vere tinglyst, men dette er ikkje eit krav.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 25.04.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fritids-Hytta AS v/Kenneth Namdal	Li 49	5913	EIKANGERVÅG
-----------------------------------	-------	------	-------------

**Mottakarar:**

Hammar-Kameratane AS	Hella 60	5936	MANGER
----------------------	----------	------	--------